

# Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune

## 1. Formål

Hordaland fylkeskommune sin strategi for finansforvaltninga skal ivareta grunnprinsippet i kommunelova sine føresegner om god utnytting av fylkeskommunen sine samla ressursar.

Føremålet med dette reglementet er å gje rammer og retningslinjer for fylkeskommunen si finansforvaltning ved å definere kva risikonivå som er akseptable for likviditets- og låneforvaltninga.

Fylkeskommunen skal utøve si finansforvaltning slik at ein ikkje tek vesentlig finansiell risiko, og slik at fylkeskommunen har midlar til å dekke sine utgifter ved forfall. Vidare er målet å minimere netto renteutgifter, samstundes som ein sikrar seg mot store negative budsjettavvik.

Finansverksemda skal utøvast i samsvar med gjeldande lover og regelverk, samt god forretningsskikk.

Dette reglementet omfattar:

- Ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål
- Lån

Fylkeskommunen vil utarbeide reglement for langsiktige finansielle aktiva dersom det skulle bli behov for dette.

Reglementet gjeld for fylkesrådmannen og dei fylkesrådmannen peikar ut til å utøve finansforvaltninga for fylkeskommunen i samsvar med pkt. 6 i dette reglementet

## 2. Heimel

Heimelen for dette reglementet er lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner § 52 og forskrift om kommuner og fylkeskommuners finansforvaltning av 9. juni 2009.

## 3. Risikoformer og definisjonar:

**Kredittrisiko:** Risiko for at fylkeskommunen ikkje får tilbakebetalt sitt tilgodehavande ved forfall.

**Likviditetsrisiko:** Risiko for at fylkeskommunen ikkje får tilbakebetalt sitt tilgodehavande til rett pris i løpet av ein avgrensa tidsperiode.

**Finansieringsrisiko:** Risiko for ikkje å kunne finansiere sine lånebehov.

**Renterisiko:** Risiko for endringar av verdjar som følgje av renteendringar.

**Valutarisiko:** Risiko for endring i verdjar som følgje av endring i valutakursar.

## 4. Rammer og retningslinjer for plassering og forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål

Hovudmålsetjinga for plassering og forvaltning av ledig likviditet er å få størst mogeleg avkastning på midlane til minimal likviditets- og kredittrisiko.

Utstedar sin soliditet og plasseringa sin likviditet blir vektlagt framfor avkastning.

Fylkeskommunen skal ikkje ta valutarisiko.

Driftslikviditeten kan fordelast på:

- Bankinnskot med inntil 12 månaders løpetid  
Bankar som vert nytta må minst ha rating BBB
- Andelar i pengemarknadsfond  
Plassering i kvart enkelt pengemarknadsfond kan ikkje utgjere meir enn 100 mill. kr.  
Sum plasseringar i pengemarknadsfond skal ikkje utgjere meir enn 400 mill. kr.  
Midlar skal berre plasserast i fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning.  
Det skal berre plasserast i fond med rentedurasjon inntil 12 månader.  
Det skal ikkje vera begrensningar på uttaksretten i fonda som vert nytta, og midlane skal alltid vera til rådvelde.  
Snitt kreditturasjon i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 18 månader.

## 5. Rammer og retningslinjer for forvaltning av gjeldsporteføljen

Hovudmålet med forvaltninga av låneporteføljen er å sikre nødvendig tilgang på midlar til investeringar til lågast mogeleg rentekostnad over tid.

Låneporteføljen skal vere diversifisert med omsyn til løpetid og rentebinding.

Låneopptak skal vurderast i høve til likviditetsbehov og investeringsframdrift.

Fylkeskommunen kan ta opp ordinære avdragslån og avdragsfrie lån (bulletlån).

Fylkeskommunen kan nytte obligasjons- og sertifikatmarknaden i tillegg til institusjonelle långjevarar. Som hovudregel skal det innhentast konkurrerande tilbod.

Gjeldsporteføljen bør bestå av eit mindre tal lån, likevel skal refinansieringsrisiko avgrensast ved at det enkelte lån ikkje kan utgjere meir enn 10 % av låneporteføljen.

Refinansiering av låneforfall skal planleggjast.

### Renterisiko

Gjeldsporteføljen skal vere sett saman av flytande og fast rente.

Halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje.

Gjennomsnittleg bindingstid på renta vert i låneporteføljen sett til minimum 1 år og maksimum 4 år.

For å styra renterisikoen i låneporteføljen kan fylkeskommunen nytta følgjande rentesikringsinstrument:

- a) Framtidige renteavtaler (FRA)
- b) Rentebytteavtaler (Renteswaps)

Desse 2 instrumenta skal berre nyttast som rentesikringsinstrument.

Dei kan berre nyttast i tilknytning til det einskilde lånet, og netto uteståande sikringsinstrument skal ikkje på noko tidspunkt overstige summen av uteståande og godkjende plasserings- eller finansieringsvolum.

Realisering av tap eller gevinst kan vurderast, likevel slik at posisjon etter realisering framleis fell inn under dei andre punkta i finansreglementet.

#### **Valutarisiko.**

Fylkeskommunen skal ikkje ta valutarisiko.

## 6. Fullmakter

Følgjande fullmakter vert delegerte til fylkesrådmannen:

Gjennomføre opptak av nye lån, herunder val av lånegjevar, finansieringskjelde, rentevilkår, bindingstid og vilkår elles.

Gjennomføre refinansiering av eksisterande lån.

Gjennomføre den løpande forvaltninga av ledig likviditet.

Inngå avtalar om kjøp og sal av rentesikringsinstrument.

## 7. Rapportering, rutiner og kontroll

Det skal 2 gonger i året leggjast fram rapportar for fylkestinget som viser status for fylkeskommunen si finansforvaltning. Rapporteringane skal skje basert på data pr. 30. april og 31. august. I tillegg skal det etter utgangen av året leggjast fram ein rapport for fylkestinget som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporteringa skal dokumentere at finansforvaltninga er i samsvar med alle krav som er fastsette i dette reglementet. Om det skulle oppstå avvik, skal dette kommenterast. Det skal visast korleis avvik snarast råd kan rettast opp.

Risiko ved endringar i rentenivået skal kommenterast. Det skal opplysast kor stor effekt 1 prosentpoeng endring i rentenivået har for netto renteutgifter, både på 1 års sikt og i økonomiplanperioden.

Ein viser elles til § 7 i forskrifta om innhaldet i rapporteringa.

## 8. Evaluering av reglement for finansforvaltning

Fylkesrådmannen skal gjennomføre ei årlig evaluering av reglementet for finansforvaltninga.

Ved vesentlige endringar i rammevilkåra, skal fylkesrådmannen snarast legge fram forslag til endringar i reglementet for fylkestinget.